

Valestrand

TEMA: Tettstedene ①110,
Norskdomsrørsla ①157, Folkemusikken ①135

VALESTRAND vart eit sentrum for garvarverksemda i Osterøy; eitt av dei handverka som har utvikla seg til ein lokal industri med mange arbeidsplassar. Frå 1870-åra vart stadig fleire verksemdar skipa. Mange av dei større sjøbusa vi i dag ser kring vågen, har gjeve rom for garving og skinnverksemdar.



«Karlagerveriet», bygt kring 1910, er i dag teke vare på som museum. Bilete kring 1990.

Det var opphevinga av handverkslova i 1839 som førte til at garvarverksemdene i Nordhordland skaut fart. I bygder med behov for attåttnæringar var tiltakslysta stor. Mange gardsgarveri dreiv enkelt med garvekjerald i kjellaren eller utandørs. Men det kravde gode kunnskapar å garva lêret slik at det vart god handelsvare, og denne kunnskapen gjekk i arv i visse slekter. Den første garveren vi veit om i Nordhordland, er NILS TORSON SKÅLDAL frå Haus, som byrja garveridrift på Breistein i 1804, kombinert med skomakarverkstad. Sonesonen, Nils Torson, flytta til Alversund i 1860 og byrja eit garveri i Kråkevik. Mange bønder frå Sogn, Sunnfjord og Nordfjord leverte huder og henta lêr i Kråkevik. Etter kvart vart det fleire garveri i Alversund og Meland enn nokon annan stad i amtet.

Men den største garveribygd var Valestrand. Hosanger var også tidleg ute, og i 1875 fanst det 11 garveri i bygda. To bror frå Hosanger, LARS OG JOHANNES RØSLAND kom til Valestrand i 1833 og byrja garveridrift på Reigstad. Johannes drog til Isdal i Lindås i 1848 og

byrja med garveriverksemd der. Eit anna garveridynasti i Valestrand var Rundhovde. NILS RUNDHOVDE byrja med barkekar heime på garden i 1835. Slik ser vi at denne handverksindustrien breidde seg og vart ei sikker inntektskjelde gjennom fleire generasjonar.

Dei gamle garveribygingane låg gjerne ved ein bekk eller ei elv, slik at ein kunne leia vatn inn i barkekara. Ovanpå var det eit luftig loft der lêret vart tørka. I 1879 sette NILS T. REIGSTAD opp eit stort garveri ved sjøen på Valestrand, det største på staden. Heilt fram til i 1970-åra var garvarverksemdene viktige arbeidsplassar. «Karlagerveriet» i Jofjora på austsida av vågen vart bygt av KARL REIGSTAD kring 1910. Her produserte dei særleg feittlér, som vart brukt i skoproduksjonen. Bygningen er i dag overdregen til OSTERØY MUSEUM. □

Ole Bull (nr. to frå høgre) på trappa framfor huset på Valestrand.



OLE BULL OG FOLKEMUSIKKEN

OLE BORNEMANN BULL (①240) var frå barndommen av sterkt knytt til familieeigedommen på Valestrand; ein gammal futegard frå 1600-talet. Her var familien årvisst om sommaren, og her fekk Ole næring for musikkinteressa si. Han kom i kontakt med den rike folkemusikktradisjonen på Osterøy, og på gardane i grannelaget kunne han høyra spelemenn spela i bryllaup eller andre lag. Han fekk mange vener mellom spelemennene og etterlikna deira hardingfeletonar på sin eigen fiolin. Ein av dei, OLA BRAKVATN (1798–1885), fekk seinare ei hardingfele av Ole Bull, då han var vorten ein vidgjeten fiolinist. Ole Bull la mykje arbeid og omtanke ned i slektsgarden. Frå 1850 til 1870-åra var han på Valestrand kvar sommar. Ny hovudbygning vart ferdig i 1869, med ein vakker kastanjeallé.



VALESTRAND – EIT KLASSISK UNGDOMSHUS

Like opp frå ferjekaien, ovanfor Valestrand sentrum, kneiser eit ungdomshus i klassisk stil. Det er JOHAN LINDSTRØM som er arkitekten bak dette bygget; klassisk i meir enn ein forstand. Huset høyrer til i den store norskdomstradisjonen frå byrjinga av 1900-talet, eit tidstypisk bygg for ein periode med vaknande kulturelt sjølvstende på bygdene. Samstundes er dette eit godt eksempel på bruken av eit klassiserande arkitektonisk formspråk for å gje huset den rette status og symbolverdi. Ungdomshuset på Valestrand vart bygt i 1920-åra; ein av mange «norskdomsbastionar» i bygdene (①377).